



Frode Heggertveit
Høylandsvegen 192
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18891 - 21/6701

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
29.01.2021

Førebels svar med trong for tilleggssopplysningar - gbnr 207/1 og 5 Hegerveit

Tiltak: Arealoverføring
Byggjestad: Gbnr: 207/1 og 5
Tiltakshavar: Frode Heggertveit

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.12.2020.

Ved ein gjennomgang av søknaden og synfaring den 22.01.2021 finn vi at arealet som vert søkt overført frå bnr.1 til bnr.5 er for stort til at det kan godtakast. Synfaringa vart gjort av underteikna og avdelingsleiar for landbruk i Alver kommune, Laila Bjørge. Landbruksavdelinga skal handsama saka etter jordlova §§9 og 12.

Me er i samde i at tomten er liten i høve til andre spreidde bustadtomter i LNF området, og har forståing for at det er ynskje om ei utviding for å få plass til garasje. Samstundes vil ei godkjenning av søknaden slik den ligg føre innebera at ein får ein veldig stor bustadtomt. Nasjonal jordvernstrategi legg føringar på at kommunen må unngå omdisponering av dyrka mark til andre føremål. På bakgrunn av dette ber om at det vert tatt ein ny runde for å sjå om ei kan finna ei løysing der ein reduserer storleiken på tilleggssarealet slik at ein nærmar seg vanleg tomtestorleik i spreidde strøk. Dette er i tråd med uttale frå statsforvaltaren i Vestland (vedlagt).

På synfaringa såg me på ulike alternativ som kunne imøtekomma behovet for meir tomteareal samstundes som ein reduserte trongen for omdisponering av jordbruksareal. Konklusjonen frå synfaring er at det ligg til rette for at ein kan utvida tomten noko i mot nord og vest, men ikkje mykje mot aust.

Me har laga til eit forslag til grenser. Ber om at de ser på dette opp mot at storleiken på arealet må reduserast. Arealet for gbnr 207/5 vert om lag 1043m² slik forslaget til grenser er

teikna. Til orientering er grensene i søknaden rekna ut til å vera om lag 1875m² berre for tillegget.

Dersom ein går for ei utviding av tomta, gbnr 207/5, mot fylkesvegen må ein søkja om dispensasjon frå byggegrense mot offentleg veg, fylkesveg 5448 Høylandsvegen. Byggjegrensa er 50 meter frå midt veg. Søknaden må sendast digitalt på vegvesen.no.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 28.02.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Forslag til grenser
Uttale - Alver - 207/1 Hegertveit - arealoverføring - dispensasjon

Kopi til:

Odd Rune Heggertveit	Høylandsvegen 189 A	5915	HJELMÅS
Reknes Byggjevarer LI	Masfjordvegen 187	5986	HOSTELAND

Mottakarar:

Frode Heggertveit	Høylandsvegen 192	5915	HJELMÅS
-------------------	-------------------	------	---------